



Bente J. Aamodt i Skjåk, opprinneleg frå Uskedalen, har ei meining om namnet på Uskedalsbrødet som no blir lansert. Ho meiner det bude heita Sanenbrød. Bente skriv slik:

'Hei og godt nyttår!

Ser at den fine SPAR-butikken vil lansera eit nytt brød.

For meg er fortsatt navnet der butikken ligg Sanen.

Kanskje kunne ein føreslå å kalle det for Sanenbrød?

Moglegt at ein i Uskedalen har ein annan skrivemåte enn uttale for navnet??

Takk igjen for ei kjempefin heimeside.'

Syskenebarnet til bakaren heiter Reidun Eik og bur på Voss. Ho tykkjer at det nye brødet til Jan Eik bør heita Uskedalsstompen.

Bengt-Ole Myklebust i Uskedalen meiner at namnet burde vera Uskedalskneip.

Av Ola Matti Mathisen